| Nr | Søkjar | Prosjektnamn | Søknads-sum | Tilråding | Grunngjeving | Kort presentasjon av tiltaket/prosjektet | Totale utgifter |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | BERGEN NÆRINGSRÅD | Bergen Opportunity | 800 000 | 435 000 | **Budsjett:** Prosjektet har fått innvilga tilskot frå samarbeidspartnerane. Dei vert informert om at i tilfelle vi godkjenner prosjektet, vil beløpet truleg vera lågare enn beløpet dei søker om.<br>**Heilskapsvurdering:**<br>Vidareføring av prosjektet med seriøse samarbeidspartner som Bergen Næringsråd, Vestland Fylkeskommune, NAV, Trainee Vest. Prosjektet har høsta gode erfaringar og har ein god sjanse til å gjennomføra dei planlagde aktivitetane med ønskte resultat. Grundig beskrivesele av strategi for å rekruttera mentorer og deltakarar. | Bergen Opportunity er eit mentor- og utviklingsprogram for innvandrartalentar i Bergensregionen. Prosjektet består av 10 faglege samlingar i tillegg til regelmessige mentor samtaler.<br>**Målgruppa:** Innvandrarar med høgare utdanning eller fagbrev som meistrar norsk, er i ulike jobbsituasjonar (arbeidsledig, overkvalifisert, osv.)<br>**Talet på deltakarar:** 20 mentorer og 20 deltakare.<br>**Prosjektmål:** Å tilby ny kompetanse, utvida nettverk og bidra til karriereutvikling. Prosjektet skal styrka posisjonen til regionen som internasjonal og inkluderande.<br>**Gjennomføring:** Prosjektet vil vidareførast frå i fjor med betringar ut i frå erfaringar og tilbakemeldingar frå prosjektleiinga, deltakarar og samarbeidspartnarar.<br>**Forventa resultat:** Få fram rollemodellar med innvandrarbakgrunn. Tilføra kompetanse om kulturelt mangfald i næringsliv og det offentlege. Styrka moglegheitene for at innvandrarar får jobb og karriereframgang. Tilgang på rett kompetanse i framtida. | 1 760 000 |
| 2 | FRETEX PLUSS AS | Styrket til arbeid | 1 200 000 | 435 000 | **Budsjett:** Dei vert informert om at i tilfelle vi godkjenner prosjektet, vil beløpet truleg vera lågare enn beløpet dei søker om. Dei var opne for endringar<br>**Heilskapsvurdering:**<br>Det er bra at prosjektet skal samarbeida med Catalyst som er ein av pionerane i | Styrket til arbeid er eit mentorprogram i Bergen der deltakarar får kvar sin personlege mentor, og i tillegg vil bli følgt opp av ein karriererettleiar frå Fretex. Mentoren vil rettleia deltakaren i å avdekka styrkane sine, hjelpa til med motivasjon, og dela erfaring, nettverk og sosiale | 1 443 500 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | Mentor-programmet for innvandrarar i Noreg. Catalyst har samla lang og god erfaring med å rettleia innvandrarar. Dette prosjektet handlar om å overføra erfaringane deira til Bergensområdet. Vi saknar ei skildring av korleis prosjektet skal rekrutterer | arbeidskodar. Karrierettleiaren vil arbeida for at deltakaren finn ein jobb, som er relevant og meiningsfull<br>**Målgruppa:** unge innvandrarar med høgare utdanning frå høgskule eller universitet.<br>**Talet på deltakarar:** 10-15<br>**Prosjektmål:** Målet med prosjektet er å bidra til ein meir produktiv og effektiv veg inn i arbeidslivet for unge innvandrarar.<br>**Gjennomføring:** Prosjektet tar ein styrkebasert tilnærming med utgangspunkt i positiv psykologi som hjelpa deltakare identifisera sine eigne styrkar og ressursar, setja mål og laga vegkart til å oppnå yrkesmåla sine. Det er og fokus på å etablera gode sosiale relasjonar<br>**Forventa resultat:** At fleire deltakarar får relevant arbeid, er aktive jobbsøkarar og kjem til siste rundar i intervjuprosessane sine. I tillegg blir det forventa at deltakarane blir meir bevisst styrkane veit kven dei er som arbeidstakarar, vet korleis dei kan bli meir synleg i den norske arbeidsmarknaden, kjenner til kulturelle kodar, og har utvida relevant nettverk. | |
| 3. | SOGN REGIONRÅD | Mentorprogram-Sogn for alle | 130 000 | 130 000 | **Budsjett:** Eigenfinansiering er betydeleg større enn søknadssummen. Sogn regionråd vil bidra med kunnskap innan arbeidsinkludering. Verksemdene bidreg med arbeidstid sett av til mentoring i tillegg til deltaking i mentorprogrammet.<br>**Heilskapsvurdering:**<br>Dette er eit veldig bra prosjekt med seriøse samarbeidspartnarar. NAV er med i styrings- og arbeidsgruppe og prosjektet har ein god sjanse til å | Mentorprogram - Sogn for alle er eit mentorprogram for å vere støtte og inkluderingsagenter for nye kollega. Hovudaktiviteten er eit mentorprogram for utvikling av inkluderingskompetanse og relasjonsbygging.<br>**Målgruppa:** Mentorane er røynde tilsett og deltakarane er personar med innvandrarbakgrunn som er nye i det norske arbeidslivet, anten gjennom språkpraksis, arbeidstrening, vikariat eller fast tilsetting | 604 000 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | gjennomføra dei planlagde aktivitetane med ønskte resultat. | **Prosjektmål:** Målet er at fleire med innvandrarbakgrunn skal finna seg til rette i det lokale arbeidslivet og dessutan å lukkast med mangfaldig rekruttering og med arbeids- og samfunnsdeltaking for personar med innvandrarbakgrunn.<br>**Gjennomføring:** Det vert gjennomført samlingar for mentorar for fagleg påfyll og erfaringsdeling. Dei som mottek mentoring vil bli involverte i nokre av aktivitetane. Mentorane mottek òg individuell rettleiing.<br>**Forventa resultat:**<br>Effekten vil vere større kompetanse i arbeidslivet på mangfald, inkludering og rettleiing. Ein annan forventa effekt er auka arbeids- og samfunndeltaking for målgruppa. | |
| | | | | | | | |